

Årsmelding for Fron Historielag, 2024-2025

Styresamansetting i 2024:

Styremedlem:	Pål S Kjorstad	Leiar
	Tormod Bråten	Nestleiar
	Åmund Bækken Blakar	Sekretær
	Egil Myhre	Boksal (NF)
	Ragnhild Wadahl	Styremedlem, boksal (SF)
	Møyfrid Kalstadstuen	Styremedlem, seterbokansvarleg
	Åge Hagestuen	Kasserar
	Marit Håkenstad	Styremedlem
Vara for styret:	Anna Brandstad Lien	Vara
	Per Johan Seielstad	Vara
	Per Oluf Solbraa	Vara
	Aud Lunde Renshusløyken	Vara
Revisorar	Ole Mathias Elvsrud	
	Johan Rusthage	
Styret Bygdatunet:	Ola Skoe	Leiar
	Ragnar Thor Mariasson	Styremedlem
	Bjørn Renshusløyken	Styremedlem
	Ingolf Bjerkehagen	Styremedlem
	Rolf Aasmundstad	Vara
	Marit Rundtom	Vara
Valnemnda	Guri Brandvold	Leiar
	Linda Elin Myromslien	
	Jon Einar Kjorstad	
	Anne Ragnhild K. Saglien	
	Tore Anders S. Grytting	Vara

Fron Historielag

Fron historielag hadde i 2024 196 betalende medlem samt 4 æresmedlem. Økonomien i laget er god.

Aktivitet sist år:

- 21/04/24: Fron historielag deltok på årsmøte i Gudbrandsdal Historielag i Skjåk
- 13/05/24: Dugnad Bygdatunet med styra for historielaget og Bygdatunet
- 16/06/24: Markvandring i nedre Sødorp. Paul Hage fortalte om hus og folk, og innpå 100 møtte
- 05/10/24: Møte Gausdal om stadnamn m/Sve- og Brenn- m/foredrag frå Fron
- 24/10/24: *Fronsbygdin 2024* lansert på Vinstra bibliotek, eigen rapport under
- 18/11/24: Møte om ny bygdabok og medlemsmøte på Kirketeigen, foredrag v/Pål Kjørstad om kva som finns av kjelder kring slektsgransking og anna lokalhistorie
- 29/01/25: Medlemsmøte på Midtdalsarkivet om alt som gøymmer seg i arkivet i Ringebu, og om interesse kring skanning av bilete til fotosamling for FH
- 04/03/25: Arbeidsmøte mellom skribentar og innsamlarar av stoff til ny bygdabok for i fyrste omgang Sør-Fron på Harpefoss Hotell
- 06/03/25: Leiar og 2 styremedlemmar deltok på Gudbrandsdal historielags medlemsmøte på Kirketeigen i Kvam
- 20/03/25: Leiar og styremedlem deltok på Gudbrandsdalsseminaret på Otta Kulturhus, om utvandringa

Anna:

- Fron Historielag har lansert ny heimeside, med oppdatert og forenkla brukargrensesnitt. Styret takkar Tormod Bråten for den store innsatsen med leiing og utøving av arbeidet og kommunikasjon med Krible Design.
- Arbeidet med seterboka held fram
- Tingboka II skal korrekturlesast før den kan publiserast
- Historielaget har inngått samarbeidsavtale med Midtdalsarkivet
- I forbindelse med bortgangen til æresmedlem Ragnhild Kjørstad fekk historielaget ei minnegåve som etter planen skal nyttast til særskild prosjekt

Styrearbeid: Styret har hatt fem styremøte utanom årsmøtet

Arbeidsplan/møtekalender 2024/25

Aktivitet	Innbedne/Tema/innhald	Ansvarleg	Tidspunkt	Stad
Seminar	Marit og Pål/ Okkupasjon og etterspel	Marit og Pål	19/03 2024 kl. 10.00	Maihaugen
Styremøte	Styret/årsmøte	Styret	11/04 2024 kl. 17.30	Hundorp
Årsmøte	Alle/årsmøtesaker/foredrag	Styret	11/04 2024 kl. 19.00	Hundorp
Styremøte	Styret/årshjul/konstit./ansvarsområde	Styret	16/04 2024 kl. 19.00	Hos Marit
Årsmøte GHL	Alle/årsmøte Gudbrandsdal historielag	Pål	21/04 2024 kl. 11.30	Skjåk
Bygdatunet	Vårdugnad, bygdatunet	Styret	13/05 2024 kl. 17.00	Bygdatunet
Markvandring	Alle/historisk vandring nedre Sødorp	Paul Hage	16/06 2024 kl. 13.00	Sødorp kapell
Styremøte	Styret, Bygdatun, Redaktørar	Pål	16/06 2024 kl. 15.00	Hos Marit
Markvandring	Alle/Tema: Fornminne i Ryssland	Geir og Pål	Avlyst ferietid	Ryssland
Seterboka	Komiteen inkl. Målfrid og Pål	Svein	01/07 2024 kl. 18.00	Hos Målfrid
USA, slekt	Slekt, bilete og guiding	Pål	16/07 2024 kl. 10.00	Sør-Fron
Seminar	Foredrag om slektsforskning	Pål	20/07 2024 kl. 16.00	Skåbu
Bygdatunet	Utbetring av Sula og installasjonar	Ola	Sommar 2024	Kvern, sag v/Sula
Styremøte	Styret	Pål	Avlyst dødsfall	
Gravferd	Kransepålegging	Åmund	16/08 2024	Sødorp kapell
Møte MGA	Møte/prat om arkivering	Pål	04/09 2024	Ringebu
Bokslepp	Årbok for Gudbrandsdalen	Pål forfall, Marit	12/09 2024 kl. 17.00	Hundorp
Møte Gausdal	Foredrag om stadnamn i Fronbygd	Pål	05/10 2024 kl. 11.30	Prestegarden
Seterboka	Møte m/Svein om Ryssland og Skodal	Svein	13/10 2024 kl. 19.00	Pål
Styremøte	Styret	Pål	17/10 2024 kl. 18.00	Hos Marit
Medlemsmøte	Alle/Boklansering	Redaktørane	24/10 2024 kl. 19.00	Biblioteket N-Fron
Heimesida	Innlegging/oppfølging, møte	Tormod og Åmund	30/10 2024 kl. 10.00	VVS
Medlemsmøte	Alle/Tema: Idè møte bygdabok Info, slekt, kjelder	Redaktørar, Pål og andre/Alle	18/11 2024 kl. 16.00 18/11 2024 kl. 18.00	Kirketeigen, Kvam, Nord-Fron
Heimesida	Innlegging/oppfølging, møte	Tormod og Åmund	27/11 2024 kl. 10.00	VVS
Juletrenning	Stand m/info og boksal	Pål	01/12 2024 kl. 15.00	Sør-Fron kommunehus
Seterboka	Komiteen inkl. Målfrid og Pål	Svein Jetlund	03/12 2024 kl. 19.00	Nord-Fron kommunehus
Julesamling	Julemiddag Styremøte	Styret	17/12 2024 kl. 18.00	Sødorp Gjestgivergård
Gudbrandsdal-arkivet	Oppfølging av medlemsavtala, ikkje fått beskjed enda	Pål	15/01 2025	Ringebu Bibliotek
Seterboka	Komiteen inkl. Målfrid og Pål	Svein Jetlund	22/01 2025	Nord-Fron kommunehus
Medlemsmøte	Gudbrandsdalsarkivet, Ringebu Info arkivet, samarbeid, biletarkiv m.m.	Pål	29/01 2025 kl. 19.00	Ringebu Bibliotek
Heimesida	Ny heimeside lansert	Tormod, Carl Henrik	10/02 2025	Internett
Gudbrandsdal-arkivet	Gudbrandsdalsarkivet, Ringebu Innføring i skanning og dataprogram	Pål	13/02 2025 kl. 10.00	Ringebu Bibliotek
Styremøte	Styret og Redaktørar	Pål	25/02 2025 kl. 18.00	Hos Marit
Dropboks	Oppretta bankkort og dermed dropboks	Tormod og Åge		Internett
Bokprosjekt	Styret, redaktørar og inviterte	Pål	04/03 2025 kl. 16.00	Harpefoss Hotell
Fellesmøte	Gudbrandsdal historielag/histoielaga	Styret/MD-arkiv	06/03 2025 10-15	Kirketeigen
Seminar	Alle som vil	Styret	20/03 2025 10-15.30	Otta Kulturhus
Styremøte	Styret og Redaktørar	Styret	27/03 2025 kl. 17.00	Kirketeigen, Kvam,
Årsmøte	Alle/årsmøtesaker/underholdning/foredrag		27/03 2025 kl. 19.00	Nord-Fron

- Medlemsmøte kan skje i ymse grender på fast plass/faste plassar
- Tema: Sosialt samvær for medlemmar m/ulike tema og gjerne m/foredrag i temaet
- Ymse tema på aktivitetane kan vera: Slektsgranskning, gamle bilete, skanning/tyding av gamle brev/dokumenter, arkeologi m/funn og kulturminne, stadnamn, tradisjonar/segner, kultur/bøker/musikk, museum, nytenkingar i lokalhistoriske tema og sikkert mange andre
- Markvandringar, turar og kanskje òg som foredrag kan skje i ymse grender og kanskje òg utanom Fron.

Heimesida v/Tormod Bråten

Trast etter årsmøte 2024, vart heimesida vår angripen av hackarar. Dette gjorde at alle som prøvde å gå inn på ho, kom åt ei svart side. Vi klarte ikkje å få attende den gamle adressa vår, og derfor vart adressa til heimesida no endra til Fronhistorielag.no. Carl Henrik og Ole Christian gjorde en kjempejobb med å berge det meste av stoffet over på den nye adressa, men noko var det dessverre ikkje von om å berga.

Samstundes var vi i gang med å bygge opp ei ny heimeside i samarbeid med Krible. Det vart derfor ikkje lagt ut mykje nytt stoff på den gamle sida resten av 2024, i påvente av at vi skulle få på plass den nye. Dette har vore ein kostbar og tidkrevjande prosess, og det vore lagt ned ein stor innsats av underteikna, med nærare 250 dugnadstimar. Vi vonar den nye heimesida er meir strukturert og enklare å finne fram i. Framleis står det att å gå gjennom fleire av dei 1371 artiklane, for å korrigere bilde og endre på lenker. Dette arbeidet vil nok halde fram nokre veker til, men vi er godt i gang.

Facebook-sida til historielaget er framleis eit forum der mange får god hjelp til å finne røter i Fronskommunane. Der er og mange gode bilde å finne i galleria våre.

Ny heimesida vart lansert 10.02.25, og har nå omsider fått ei etterlengta oppfrisking.

Årsrapport frå Bygdatunet v/leiar Ola Skoe

Har vore med på to styremøte og orientert om stoda med dammen til saga og kverna. Vore med på befaring med kommunen og entreprenør om reparasjon av dammen. Dette blir meir omfattande reparasjon enn eg såg for meg, heile brukonstruksjonen er skada slik at det må reparerast fyrst. Dette er kommunen sitt ansvar. I dammen skulle det etter planen da ha vore bygd ei fisketrapp. Dette har ikkje vore gjort, slik at denne saka har kome åt fylkeskommunen og da veit vi kva slags byråkrati det blir, uvisst utfall!

Dugnad med råkkåing og rydding vart utført 13. mai, kaffi og kringle til dei 12 som møtte opp.

28. juni vart det slått og hesjing på Toksevollen med hest og mye folk, vi fekk Ole Anton til å slå og så hadde vi opp ei hess på Bygdatunet au. Dette skal vi prøve å gjera meir av, kanskje meir demonstrasjon av gammalt handverk og liknande, og kvile med kaffi og biteti for heile gjengen på Bygdatunet.

Sist i august var det nattverd for 5.klassingane i heile Nord-Fron av to prestar. Det var dårleg frammøte, berre ein møtte. Eva Bakken steikte avletto. Julegråna vart tent likt med masta på Baukholshaugen.

Plan for demninga ved Sulheim:

Etter kvart fekk kommunen løyve til å reparere brua ved Sulheim. Demningen måtte da enten fjernast eller så laut vi byggje fisketrapp. Etter befaring med kommune og Haverstad og samtale med Tore Solbakken frå Lågen fiskeelv/Gudbrandsdal Sportsfiskeforeining vart det ei munnleg avtale om at demningen vart reparert og at Solbakken skulle hjelpe oss med å få byggje fisketrapp til sommaren. Plan og teikning er utarbeidd frå før så da står finansieringa att som viser ei kostnadsramme på kr. 38 000,- i 1995-kroner.

Sørdorp, 4/1-2025, Ola Skoe.

Fronsbygdin: Rapport v/Paulsrud og Skurdal.

Bak 2024-utgåva av *Fronsbygdin* sto det to nye redaktørar, og spaninga var sjølvsagt stor blant oss undervegs i prosessen fram til ferdig bok. Mye nytt som skulle på plass i løpet av stutt tid. Men bok vart det. Opplaget på 1100 stk. vart levert etter planen til lageret på biblioteket på Vinstra. 24. oktober var det «fullt hus» da årets bok vart lansert.

Med ny redaksjon var det nok med ei viss spaning at dei oppmøtte bladde seg gjennom den ferske boka. Og det var nok å bla i – heile 220 sider. Nokon stor revolusjon innhaldsmessig hadde ikkje skjedd, men litt nytt måtte det bli med eit redaktørskifte. Den største endringa var at framsida var endra. Den tradisjonelle ringen var nå erstatta med eit bilde med tilknytning til ein av artiklane inni. Eit plateomslag frå popgruppa Asbjørn, pryda sida. Dei kjende og kjære lokale artistane som ikkje er blant oss lenger, Hans Løkken og Trond Halle, fortente dette.

Ei oversikt over kor artiklane stammar frå geografisk, var også ny. Denne gjev også eit bilde av noko vi arbeider kontinuerleg med, nemleg å få med «noko frå alle grender». Men her skal mange omsyn takast – tema, nær og fjern fortid, kjønn m.m., så noko ubalanse vil det bli.

Tilfanget av stoff var godt dette året. Trass i ei rekordtjukk bok, så måtte nokre artiklar stå over til -25. Mange av dei gamle, trufaste bidragsytarane var med dette året også, men nokre nye kom til - heldigvis. Gjennomsnittsalderen på årets 18 forfattarar er relativt høg, så vi treng rekruttering. Skrivekurset vi hadde i fjor var eit tiltak i den samanheng, og det gav resultat.

Når det gjeld artiklane, så la vi i år opp til eit par hovudtema – bruer og skøyteløp. Sjølvsagt kan det bli «mye om lite», men på same tid får ein fram ein heilskap. Dessutan får ein her samla «alt» om same tema på ein plass. Det meiner vi vil kunne gje boka som oppslagsverk ein ekstra dimensjon. Ein annan måte når ein har eit store tema, kan vera å ta det over fleire år – slik som med Vinstra-revyen.

Sjølve presentasjonen av innhaldet gjorde vi på same måte som det hadde vore gjort i alle år – artikkel for artikkel. Den oppgåva delte vi mellom oss. Tradisjonen tru fekk ein av skriarane presentere sitt bidrag sjølv. Dette året var det Vinstra-revyen v/Hildegunn Maria Haanes Ruset og Reidar Stangnes som fekk denne æra. Stor takk til dei.

Til slutt - ingen lansering utan kaffi og kringle. Godt og triveleg. Takk.